

Lindås 10.04.24

Protokoll frå årsmøte 2024 i Lindås idrettslag

Årsmøtet var den 10.04.2024 klokken 18-20 i mediateket i Lindåshallen.

Sak 1: Godkjenne de stemmeberettigete

Styret gjorde greie på tal med stemmerett som var til stades på årsmøtet. Det var nokre medlemmar som gjeikk ut i møtet, derfor er talet med stemmerett ulikt frå start til slutt.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger

Vedtak: Årsmøtet godkjende følgande tal med stemmerett: 21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 2: Godkjenne innkallinga

Styret la fram forslag om at innkallinga vart godkjend.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger

Vedtak: Årsmøtet godkjende innkallinga .
21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 3: Godkjenne sakslista

Styret la fram forslag om at sakslista vart godkjend.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger

Vedtak: Årsmøtet godkjende sakslista.
21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 4: Godkjenna forretningsorden

Styret la fram forslag om at forretningsordenen vart godkjend.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger

Vedtak: Årsmøtet godkjende forretningsordninga.
21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 5: Velge dirigent

Styret foreslo Ole Daniel Fjellanger som dirigent.

Ordet i saka: Henrik Lindås

Vedtak: Årsmøtet godkjende forslaget .
21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 6: Velge referent

Styret foreslo Annikken Aadneram som referent.

Ordet i saka: Henrik Lindås

Vedtak: Årsmøtet godkjende forslaget.

21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 7: Velge to medlemmer til å underskrive protokollen

Styret spurte om to medlemmar ville meldte seg til å skriva under årsmøteprotokollen. Frå salen meldte Sean Murphy og Kim Johannesen seg.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger

Vedtak: Årsmøtet godkjende at Sean Murphy og Kim Johannesen skrivar under årsmøteprotokollen.

21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 8: Behandle idrettslagets årsberetning

Leiar, Ole Daniel Fjellanger, orienterte om årsberetninga.

Hovudstyret fortel at styret har vorte utvida med leiar for handball og leiar for fotball. Det har og vore gjort eit forsøk på å finna eit medlem til å vera web/kommunikasjonsansvarleg. Det har ikkje lukkast. Styret har jobba for eit betre samarbeid mellom fotball og handball som er dei største gruppene i idrettslaget.

I perioden har idrettslaget inngått ein driftsavtale om vedlikehald av kunstgrasbana med Alver kommune. Derfor har idrettslaget gått til innkjøp av traktor til oppdraget. Grasbana har vorte oppgradert gjennom året takka vera engasjerte medlemmar. Anna dugnadsarbeid vart og nemnt. Årets store sak har vore endring av utstyr leverandør. Utstyrsleverandør vert i perioden fram til 2027 Torshov Sport.

Styret viser til solid økonomi trass store investeringar gjort i 2023. Styret ønsker i tida framover å auka inntektene for å kunna gje eit betre tilbod til medlemmane. Blant anna er det oppretta eit inkluderingsfond. Dette er eit fond der ein etter søknad kan få dekkja utgifter kontingent, treningsavgift og utstyr for dei som treng det. Innføringa av Spond som medlemssystem har gjort at idrettslaget har fått innbetalt ein større del kontingentar og treningsavgifter enn tidlegare. 686 medlemmar inneverande år. Hovudstyret har og inngått fleire nye sponsoravtalar. Dette har dobla sponsorinntektene frå 2023 til 2024.

Hovudstyret har møte ca. ein gong i månaden utan om i sommarferien. Det har i alt vore 10 møte.

Leiar for fotballgruppa, Jimmy Monsen, informerte om deira styrearbeid. Det same gjorde Roger Sætran for handballgruppa. Begge fortel om ein god økonomi og gjennomførde dugnadar.

Turngruppa ved Sissel, fremma ønske om ei utbetringa av idrettslaget si fana. Turngruppa har med seg fana på turnstemne, og har eit ønske om at styret gjer ein jobb for at fana vert opprusta. Den manglar delar.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger, Henrik Lindås, Roger Sætran, Jimmy Monsen og Sissel

Vedtak: Årsmøtet godkjente årsberetninga

21 stemmer for og 0 mot.

Sak 9: Behandle idrettslagets rekneskap i revidert stand Henrik Lindås orienterte. Me har ein god og sunn økonomi i idrettslaget. Me har eit overskot på 198.566kr. Alle grupper har god økonomi. Styret la fram nøkkeltal.

Fotballgruppa fortel at det er Nyttårscupen og Bambusa gruppa får mest inntekter frå. Gruppa har i år brukt ein del av dei oppsparte midlane til diverse investeringar. Gruppa har hatt det dei kallar unødvendige utgifter, då til lag som har vorte trekt og bøter for ikkje å ha nok dommarar i klubben.

Gerd Mari for handballgruppa orienterer om at inntektene til gruppa i hovudsak kjem frå påskekalendersal og kontingent. Utgifter som vert trekt fram er dei til dommar, både bøter pga mangel på dommar i klubben, diett og kjøregodtgjersle, dei store utgiftene: påmelding til cup og serie, drakter til junior og senior og unødvendige utgifter som trekt lag og spelarar som ikkje har betalt lisens.

Kommentar frå salen: Hadde det vore ein idé å auka betalinga til lokale dommarar med det føremålet å betra rekrutteringa.

Ordet i saka: Henrik Lindås, Jimmy Monsen, Gerd Mari Fonnes, Sean Murphy og Yngve Riise-Wergeland

Vedtak: Årsmøtet godkjente revidert rekneskap for idrettslaget.
21 stemmar for og 0 stemmar mot.

Sak 10: Behandle innkommende forslag og saker

- **Avtale om leie av område for discgolf. Se vedlegg 2 i sakslista**

Ole Daniel orienterte om saka. Avtalen varar til 2033. Idrettslaget pliktar seg til å vedlikehalda discgolfbana.

Ordet i saka: Gerd Mari Fonnes, Kim Johannesen

Vedtak: Avtalen om leie av område for discgolf vart einstemmig vedteke.

- **Utmelding av sykkelgruppen frå Norges Cykleforbund**

Styret vil melda sykkelgruppa ut av Norges Cykleforbund, då der ikkje lenger er ei aktiv sykkelgruppe i laget.

Vedtak: Årsmøtet godkjente utmeldinga av sykkelgruppa frå Norges Cykleforbund
Vedtaket vart einstemmig vedteke.

- **Mandat til styret for å sjå på kva som må til for å tilsetta dagleg leder iht sakslistens vedlegg 3**

Vedtak: Styret gis mandat av årsmøtet til å se på hva som må til økonomisk og organisatorisk for å ansette en daglig leder og hvordan fremtidig styresammensetning bør være. I dette mandatet kan styret ta kontakt med ulike klubber for å høre erfaringer og ulike løsninger. Det gis også løyve til å bruke økonomiske midler viss behov for å innhente fagekspertise. Forslag skal ligges frem i årsmøtet 2025

Einstemmig vedteke.

- Gi styret fullmakt til å kunne inngå samarbeidsavtale med andre klubber iht sakslistens vedlegg 4

Styret sitt mål med eit eventuelt samarbeid, er å gje ungdommen i klubben eit betre tilbod.

Kommentarar frå salen:

Kva er målet med samarbeidet? Vert klubben kalla Lindås?

Målet må jo vera : Kva kan me gjere for å behalda ungdommen.

Forslag: at dei ikkje vert samanslåing av lag, men at målet med samarbeidet er å gje ekstra trening til ungdommane som ynskjer dette.

Referansar til tidlegare forsøk på samarbeidslag. Beretningar om eit sosialt og fysisk skilje mellom ungdommar og vaksne som gjer at ungdommane sluttar.

Talentutvikling: Me må ha eit lag på Lindås. Har me ikkje eit lag, mister me spelarane våre uansett. NBK tek spelarane våre. Sånn har det vore i mange år. Me ber årsmøtet om ein retning for å gje eit tilbod til ungdommen.

G15 hadde ein god dialog med Austrheim - men 2009 har stort sett forsvunne.

Forslag om gulrot som Danacup eller anna cup til utlandet.

Nokon vil ein mista til NBK uansett. Usikker på om eit samarbeid gjer dette betre, enn å fokusera på kva me kan gjera for talentutvikling.

Jentefotballen manglar mange spelarar. Kva kan gjerast?

Målet må vera at me sit att med spelarane her på Lindås.

Kva om verken Austrheim eller Lindås har nok spelarar til å stilla lag, står ein fortsatt fast ved at Lindås skal ha eit lag.

Styret orienterer om at det vert innkalla til eit ekstraordinært årsmøte, dersom arbeidsgruppa anbefalar at klubben bør gå i forhandlingar om ein avtale og det er slik tidsmessig at det ikkje kan behandles på eit ordinært årsmøte.

Ordet i saka: Stian Støldal, Gerd Mari Fonnes, Raymond Sætran, Sean Murphy, Yngve Riise Wergeland, Henrik Lindås, Jimmy Monsen, Kim Johannessen

Vedtak: Årsmøtet gjev styret fullmakt til å starte eit arbeid med formål å sjå mot ein samarbeidsavtale med ein anna klubb innafor ungdomsidretten og med mulighet for samarbeid innafor barneidrett. Fordeler og ulemper skal vurderes. Avtalen skal godkjennes av årsmøtet. Einstemmig vedteke.

Sak 11: Fastsette medlemskontingent (sjå vedlegg 1)

Styre sitt forslag la frem sitt forslag iht vedlegg 1 for 2024 og 2025

Forslag frå Sean Murphy: Ordinær medlemskontingent som styret, men støttemedlemskap reduseres til kr 200.

Kommentar frå salen: Finnes det system på å definere kva som er rekna som "Husstand"?

Me er avhengige av at husstandane må informere medlemsansvarlig om ein går over maksgrensa.

Vert det ein justering på kontingent om det skulle verta ein dagleg leiar?

Ordet i saka: Gerd Mari Fonnes, Helge Fjellanger, Magne Tresvik, Sean Murphy, Henrik Lindås

Forslagene vart satt opp mot kvarandre.

Styret sitt forslag om medlemskontingent fekk 3 stemmer for, 14 mot og fall. Sean Murphy sitt forslag fekk 14 stemmer for og 3 mot og vart vedteke

Vedtak: Medlemskontingent for 2024: Ordinær 400 kr, støttemedlem 200 kr, Idrettskule 50 kr, Trener/verv/lagleder 50 kr, Æresmedlem friteke. 2025: Ordinær 450 kr, støttemedlem 200 kr, Idrettskule 50 kr, Trener/verv/lagleder 50 kr, Æresmedlem friteke.

Sak 12: Fastsette treningsavgift eller gi gruppestyra fullmakt til å fastsette treningsavgifter (sjå vedlegg 1)

Styret la frem forslag til treningsavgifter for 2024 og 2025 iht vedlegg 1.

Vedtak: Årsmøtet godkjente treningsavgiftene.
Vedtaket vart einstemmig vedteke.

Sak 13: Vedta idrettslagets budsjett

Styret ved kasserer orienterte om grunnlag for utarbeida budsjett.

Styret orienterer om at det ønsker å bruka noko av oppsparte midlar for å kjøpa blant anna ein ATV og derfor budsjetterer me med eit underskot. Sean informerte om kvifor fotballgruppa ønsker ein ATV.

Ordet i saka: Henrik Lindås, Gerd Mari Fonnes, Sean Murphy

Vedtak: Årsmøtet godkjende budsjettet
16 stemmar for og 1 stemme mot.

Sak 14: Behandle idrettslagets organisasjonsplan

Styret presenterte organisasjonsplanen.

Ordet i saka: Ole Daniel Fjellanger

Vedtak: Årsmøtet godkjente organisasjonsplanen.
Vedtaket vart einstemmig vedteke.

Sak 15: Foreta val:

Valgkomiteen presenterte sitt forslag:

Styreverv	Navn	Valgt for
Leder	Henrik Lindås	2024-2025
Nestleder	Anniken Aadneram	2023-2025
Kasserer	Stian Støldal	2024-2026
Sponsor/	Lisa Marie Askeland og	2023-2025
divanedsansvarlig	Monika Knarvik	2023-2025
Medlemsansvarlig	Erlend Offerdal Vabø	2024-2025
Varamedlem	Marita Johnsen	2023-2025
	Jane Feste	2023-2025
	Else Mari Kjos	2024-2026
Kontrollutvalg	Ida Nordahl	Gjenvalg 2024-2025
	Helge Fjellanger	Gjenvalg 2024-2025
Valnemnd	Espen Rød	2023-2025
	Raymond F. Johnsen	2024-2025
	Solfrid Fjellsbø	2023-2025
	Malene Vabø Rønhovde	2024-2026

Ordet i saka: Raymond Johnsen, Ole Daniel Fjellanger, Stian Støldal

Vedtak: Forslaget for valgkomiteen for 2024-2025 vart vedteke.

Vedtaket var einstemmig vedteke

Heidersteikn

Idrettslaget delte ut heidersteikn til Gerd Mari Fonnes, Tove Vangberg, Frank Vangberg og Harald Leirvåg. Dei er no æresmedlemmar av Lindås idrettslag.

Idrettslaget ga innsatspokal til:

Yngve Wergeland
Sean Murphy
Kim Johannessen
Magne Tresvik
Jimmy Monsen
Roger Sætran
Hege Moldøen
Isabell Anthoniussen Hansen
Benjamin Vabø
Torbjørn Sætre
Olav Wergeland
Helge Jørgenvik
Arvid Røsnes
Lene Sylta
Hildegunn Sætran
Henrik Lindås


Anna


Kommentar frå Helge: I 2021 var laget 75 år. Pensjonistane i laget laga ei bok på 275 sider. Han oppfordrar styret og medlemmar til å vera bevisst viktigheita av organisasjonar si histore. Helge: Me

må få historia med oss. Pensjonistane etterspør og jobbar for eit arkivrom som kommunen står ansvarleg for.

Referent
Annikken Aadneram
Styret i Lindås idrettslag

Lindås 10.04.2024


Kim Johannessen


Sean Murphy